

RUNE BELSVIK har tru på lærarar som er oppfinnsame og som les høgt for elevane sine. **S. 4**

BRUK AV DATAMASKINAR kan ha positiv effekt på læringsmiljøet i barnehagen. **S. 6**

REKLAMEPRODUKSJON kan vere ein fin og engasjerande innfallsvinkel til nynorsk som sidemål. **S. 12**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 2 | VÅREN 2008 | EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

TEMA:
Nynorsk
for dei minste





MED DATA OG DUSTEFJERTEN INN I NYNORSKEN

«Skrifta eksisterer berre som kalde, tyste teikn på eit papir.» Slik var skildringa av skrift i ei kjend lærebok for førskulelærarar frå 1997. Skriftspråket var først og fremst skulen sitt domene; «kalde og tyste teikn» var ikkje noko for små barn.

Tida har endra seg. No vert det framheva at språklæring bør vere sentralt i alle barnehagepedagogiske program. Grunngevinga er mellom anna at små barn har eit stort potensial for språklæring, og at det er samanheng mellom tidleg språk og seinare leseforståing.

Eit kjent uttrykk seier at «There is no better playmaterial in the world than words», og det gjeld på nynorsk òg. Det å få barn til å leike med språket, lære rim og regler, snu på og vende på ord og uttrykk og fortelje vitsar med språklege poeng

skaper språkleg medvit. Ei gransking viste at seksti prosent av vitsane til 6- til 8-åringar baserte seg på språklege poeng. «Det skal vere både Snickers og Twist» kan barn (som får sjokolade) synast er morosamt.

Temaet for konferansen Nynorsksenteret har denne våren, er språkstimulering til nynorsk skrift. Utforskning av skrifta er eit spanande tema som vert aktualisert når data-maskina kjem inn i barnehagen. Dette emnet vil Lila Moberg snakke om på konferansen, og ho er også intervjuet i dette bladet. Lanseringa av antologien *Les for meg!* skjer også på konferansen. *Les for meg!* er ei høgtlesingsbok som er ei samling med moderne nynorske tekster for barn. Ei av dei populære tekstene om Dustefjerten, av forfattaren Rune Belsvik, er med i denne tekstsamlinga.

Anne Steinsvik Nordal
leiar for Nynorsksenteret

NYNORSKOPPLÆRING NR. 2, ANDRE ÅRGANGEN

BLADSTYRAR: Arild Torvund Olsen
FORMGJEING: Arild Torvund Olsen
SKRIFTER: Auto og Dolly
SPRÅKVASK: Aud Søyland
PRENTEVERK: Egset trykk AS

ISSN: 1890-3975

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) er eit ressursenter for nynorsk i grunnopplæringa. Senteret legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan skape språkkompetanse og motivasjon.

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda
www.nynorsksenteret.no

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!



Dei fire seksåringane i Solsikkeklubben i Røysmarka barnehage liker godt å lese bøker, både i barnehagen og heime. Her pratar dei litt om kva for bøker dei synest er kjekkast å lese, og om kven dei les saman med.

FIRE SOLSIKKER OM BØKER

TEKST OG FOTO: Kristin Kibsgaard Sjøhelle

Elin: Eg har ei bok om spøkjelse. Og så liker eg ei bok om dragar, den er litt skummel. Eg har mange bøker på spansk heime som pappa les til meg, ei om Raudhatt som vi har lese mange gonger.

Emma: Eg synest boka om kroppen er artig, for da får ein lære for eksempel om beibiar og om skelett. Mamma bruker å lese forskjellige bøker til meg heime, eg har mange. Eg har ei bok om ei heks som mister hatten sin og sånt. Og så har vi ei bok med mange eventyr.

Alex: Eg liker aller best boka om Barbapapa, for den er så farleg. Der er det ein gravemas-kin som har tenner, og som kjem og øydelegg huset deira. Eg liker mest tøffe ting, sånn som Pokemon. Berre synd at det ikkje finst i ei bok, da. Men eg har Donald-blad som eg samlar på.

Håkon: Eg liker best bøker med fine bilete, særleg om dyr. I vaksenbøker er det nesten ikkje nokon bilete. Heime hos meg les mamma og Mia og Elias til meg, men eg liker aller best å sjå på film.



Emma, Elin, Håkon og Alex frå Solsikkeklubben.

Innhold

Med data og Dustefjerten inn i nynorsken av Anne Steinsvik Nordal	S. 2
Fire solsikker om bøker av Kristin Kibsgaard Sjøhelle	S. 3
Dustefjerten og dei andre av Astrid Sverresdotter Dypvik	S. 4
Inn i barnehagen med PC-en av Hjalmar Eiksund	S. 6
Språk i Stabbursbanken av Janne Karin Støylen	S. 8
Les for borna! av Janne Karin Støylen	S. 9
Tusenvis av nøklar til same skattkammer av Janne Karin Støylen	S. 10
Reklameproduksjon i sidemålsundervisninga av Kristin Kibsgaard Sjøhelle	S. 12
Vesideti: Tekstbasen av Hjalmar Eiksund	S. 14
Boktips: Vaffelhjarte av Janne Karin Støylen	S. 14

Har du tips til stoff til bladet? Send det på e-post til ato@hivolda.no.

Dustefjerten og dei andre

Rune Belsvik er opphavsmannen til nokre av dei mest kjende figurane i nyare norsk barnelitteratur, Dustefjerten, Bollefisen og Kavringreven. Men han veit ikkje heilt kvifor han byrja skriva for ungar.

TEKST: **ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK** FOTO: **SOL NODELAND**

Gjengen frå landet over bekken er blitt utlånt i bibliotek, og dei har fylt teatersalar. Men kan forfattaren læra oss andre noko om korleis ein når ut til barn? Vi skal iallfall prøva å lirka ut av han nokre hemmelegheiter.

– Mor mi sa til meg at eg burde skriva for ungar. Eg veit ikkje kvifor ho trudde at eg passa til det. Sjølv er eg ikkje heilt sikker på kvifor det er slik. Eg opplever vel at talentet mitt går i den retninga. Det å skriva for barn utfordrar meg på ein måte eg ikkje blir lei av.

– Barnebokforfattarar blir ofte spurde om kvifor dei har valt å skriva for barn. Synest du det er noko ein burde trenga å forklåra?

– Viss ein gjer noko som ikkje er i hovudgata, må ein alltid grunngje det. Eg må stadig forklåra kvifor eg skriv på nynorsk, og kvifor eg skriv for barn. Eg synest ikkje det er rart at folk spør. Men eg har altså ikkje noko godt svar.

Å vera barn

– Eg las eit intervju med deg der du snakka om det å ha kontakt med barnet i seg sjølv som ein slags føresetnad for å skriva?

– Eg føler at nokre kjensletilstander som eg hadde då eg var barn, har overlevd i meg. No er eg femti år. Eg ville ikkje ha trudd at så mykje av den vesle Rune Belsvik framleis ville finnast i denne alderen.

– Ser du for deg ein bestemt lesar når du skriv?
– Eg vender meg til nokon som er like ein-sam som eg når eg skriv. Ein som i like stor grad er ute etter ord som gjer dagen lettare å gå ut i etterpå. Eg synest at eg skriv med ei slags oppriktigheit. At det eg skriv om, betyr noko. Sjølv om eg er femti år og skriv for nokon som er seks år, så må det utfordra meg. Eg vil nå barna på ein så respektfull måte som eg kan.

Det menneskelege

Rune Belsvik skriv om forelska par i Bløygen, andungar og andemødrer på vift og om livet i det vesle landet ved bekken. Men har han eit oppdragande siktemål med bøkene, vil han at barna skal læra noko?

– Ja, eg vil faktisk det. Det eg prøver å formidla og fortelja, er noko som kan opna for det menneskelege. Ein skal ikkje vera redd for det som er lite og puslete. Vi treng kvarandre, og vi er alle litt redde. Vi må ta denne redselen på alvor, men vi må ikkje gje opp.

Han viser til den kulturen dagens barn veks opp i, der det er viktig å læra, vera flink og å få resultat, og å vita kva ein vil. Mykje handlar om å ha dei rette tinga. Samstundes er alle små og usikre under overflata.

– Eg skriv om dei små hendingane. Eg vil gje desse verdi. Eg skriv ikkje i veg berre for å underhalda. Det er meir i det enn berre det.

– Det å skriva for barn utfordrar meg på ein måte eg ikkje blir lei av.

Sjølv om han vil ein stad med bøkene sine, fryktar han ikkje bøker som ikkje vil det. Den kommersielle barnelitteraturen ser han ikkje på som noko problem.

– Det dårlege skalar av på vegen. Dessutan tek ikkje barn skade av å lesa såkalla dårlege bøker. Det er farleg viss ein gjer barnelitteraturen så viktig at ungane ikkje vil røra han.

Lesegleda

Han har tenkt mykje på korleis ein kan få ungar til å lesa meir. Første bod er at bøkene må vera lett tilgjengelege, meiner Belsvik. Ein må også ha eit godt utval, slik at ein har noko både for dei som les godt og dei som ikkje gjer det. Han trur det er viktig at lesinga ikkje alltid blir følgd opp av eit pliktløp der elevane etterpå må greia ut kva boka handlar om.

Belsvik har tru på at læraren må lesa høgt for elevane. Det er ein fordel viss læraren brukar bøker han sjølv synest om. Læraren kan gjerne vera litt egoistisk og velja bøker han sjølv gjerne kunne tenkja seg å lesa høgt ifrå.

– Eg har også tru på å gi lesedagar, dagar som er eigna til litteraturen. På dette feltet er


mange lærarar utruleg oppfinnsame. Dei er langt meir oppfinnsame enn eg, eg har vore på lesingar på fleire skular og sett at det lyser leseglede frå barneandleta.

Belsvik understrekar at det også kan bli bra folk av barn som ikkje les.

– Sjølv las eg nesten ikkje som barn. Eg las *Hardyguttene*, men ikkje mykje barnelitteratur. Eg hadde Norsk Barneblad, og det betydde ein del for meg.

– Eg trudde alle forfattarar var notoriske lesehestar?

– Nokre forfattarar har vore lesehestar frå dag ein. Det var ikkje eg. Eg har store hol i lesekunnskapen min. Nokre gonger blir eg litt flau over kor mange bøker eg ikkje har lese. Eg las ikkje mykje då eg gjekk på ungdomsskulen heller. Då byrja vi med tolkingar, og eg kjende meg for dum til å forstå. Når eg prøvde å tolka, sa læraren at dette ikkje var rett. Eg las mest vekeblad og pornoblad, seier Belsvik.



Inn i barnehagen med PC-en

Det er ikkje pc-ar og dataspel ein først assosierer med barnehagar. Ved Røysmarka studentbarnehage i Volda er likevel datamaskinen ein del av leiken til barnehageungane. Gjennom prosjektet «Kreativ bruk av IKT i barnehagen» kan dei boltre seg med ulike dataprogram, og dei tilsette er overbeviste om at det har positiv effekt på læringsmiljøet. Det er høgskulelektor Lila Moberg ved Høgskulen i Volda som har sett dei på tanken.

TEKST: HJALMAR EIKSUND FOTO: HJALMAR EIKSUND OG LILA MOBERG



– Eg var sjølv lenge skeptisk til å kombinere barnehage og PC, seier Lila Moberg. Som mange andre meinte eg dataspel var passiviserande og lite utviklande for leiken, men som prosjektet ved Røysmarka viser, kan resultatet vere det stikk motsette. Leik med datamaskin kan vere sosialt utviklande!

Nye program

Lila Moberg tok til med datamaskinar i skulen på midten av 80-talet. Då var det *ein* datamaskin per klasserom, og elevane skreiv tekstar og programmerte. Dei leika seg med LOGO, eit programmeringsspråk utvikla for born, der intensjonen er å gje ungane ei mikroverd dei kan utforske og styre.

I dag er det heilt andre program som er i bruk, men Lila er framleis oppteken av at det er ungane som styrer datamaskinen, og at det er viktig med samhandling. I barnehageprosjektet er det ungane sin utforskartrøng som står i sentrum, og vellykka prosjekt blir det gjerne bok av. Lila Moberg og Nora Lindén er tildelt Nynorsk fagbokpris 2007 for bokprosjektet «Barn og kommunikasjon – om små barns bruk av utforsking av digitale verktøy».

Å ta ungane på alvor

Det handlar om å ta kvardagen til ungane på alvor! Tal frå hausten 2007 syner at over nitti prosent av alle norske heimar har PC, og nesten like mange har tilgang på Internett. PC-en er noko som opptek ungane. Det handlar òg om å ta føringa i kva datamaskinane skal brukast til. Skal spelindustrien definere databruken, eller skal vi som pedagogar ta del i diskusjonen?

Dataspela er ei nyvinning, og har ifølgje Lila urettvist fått skulda for mange tidstypiske lidingar, som til dømes barnefedme. Den

– Den språklege aktiviteten er større i leik framfor PC-en enn i annan leik, og det er gjennom å bruke språket ein lærer språk.

vanlege oppfatninga av dataspelaren er den einsame og usosiale ungen framfor den kalde skjermen, og i ein slik setting er ikkje databruken særleg god. Erfaringar syner derimot at aktive PC-ungar òg er aktive i annan leik. Då ungane i datagruppa vart spurde om kva dei likte best å leike med, svarte dei *sykling* og *rullebrett*. Ungar på fem–seks år er opptekne av fysisk meistring, det er ikkje PC-en som åleine er i sentrum.

Sosialiserande

Som i leik elles er leik med PC avhengig av eit sett spelereglar. I barnehagen er det som oftast fem–seks ungar rundt datamaskinen når det er data-tid. Ungane fordeler tida mellom seg og bestemmer kven som skal spele først. Den som speler, leier leiken, og leiaren bestemmer kva som skal skje, utan at nokon andre får gripe etter musa eller tastaturet. Dei andre kan derimot kome med innspel til det som skjer på skjermen. Dataspelet blir dermed eit felles samtaleemne. Å vere spelsjef gjev ei kjensle av meistring, og sidan leiarrolla går på omgang, får alle sin tur i meistringa.

Effektiv språklæring

Med ein datamaskin som sentrum for leiken er all merksemda retta ein stad. Sidan alle følgjer med på den same aktiviteten og alle får vere med og diskutere, blir òg omgrepa sams for alle dei som er til stades. Både det passive og det aktive ordforrådet blir utvida. Ein gong då ungane leika med teikneprogram, foreslo ein av tilskodarane at det burde teiknast eit oransje lyn.

«Kva farge er oransje? Er det den fargen?», spurde ho som styrte musa, og peika på skjermen.

«Nei,» svarte dei andre.

«Men er det den då?»

«Ja,» sa dei, og så vart lyna oransje.

Berre ved å vere til stades lærer ungar orda og omgrepa dei andre snakkar om. Fleire undersøkingar viser òg at den språklege aktiviteten er større i leik framfor PC-en enn i annan leik, og det er gjennom å bruke språket ein lærer språk, avsluttar Lila Moberg.

Fakta om Lila Moberg:



- Høgskulelektor i IKT i læring ved Høgskulen i Volda
- Stod bak prosjektet «Kreativ bruk av IKT i barnehagen» som vart gjennomført ved Røysmarka studentbarnehage i perioden 2004–2006.
- Fekk Fagbokprisen 2007 saman med Nora Lindén for bokprosjektet «Barn og kommunikasjon – om små barns bruk av utforsking av digitale verktøy».

Språk i Stabbursbanken

I Liadal barnehage i Ørsta har borna sin eigen bank. Innskot, utbytte og overskot er sentrale omgrep når ein driv bank. Borna i Ørsta har nettopp omgrep i banken sin. Dei sparar på ord, set dei inn i banken og tek ut utbytte i form av større ordforråd og rikare språk.

TEKST: **JANNE KARIN STØYLEN** FOTO: **FRANK VIDAR ANDERSEN**

Hjördis Almelid Vikenes deltok på eit kurs i regi av Nynorsksenteret og fekk informasjon om FoU-arbeidet senteret driv, og midlane ein kan søkje om. Som mor til to jenter i denne barnehagen og medlem i styret tenkte ho at dette kunne vere ein måte å setje søkjelys på språkstimulering for dei minste. I søknaden frå barnehagen vart ideen om Stabbursbanken sett ned på papiret. No er borna i gang med det første året med bankdrift.

– Vi har laga eit årshjul der vi planlegg korleis vi skal drive språkstimulering gjennom året, fortel styrar Frank Vidar Andersen. Arbeidet med språk og omgrep er ein del av alle aktivitetane våre. No om våren er vi mykje på fjorden og fiskar. Borna får lære å lage både boknasild og fiskekaker. På slike båtturar har vi med oss kamera. Borna får ta bilete av utstyret vi brukar, av ripa, rafta og lina.

Omgrepsperm

– Tilbake i barnehagen legg vi bileta inn på datamaskina. Borna får skrive ordet som høyrer til biletet og skrive ut. Dette arket set vi deretter inn i omgrepspermen i Stabbursbanken. Seinare kan vi ta turen til stabburet og ha fine stunder saman der vi tek fram att ordet og biletet, fortelje kva vi hugsar om dette ordet, og minne kvarandre på det vi kanskje har gløymt, fortel styraren vidare.

– Korleis blir det neste år då, undrar vi. – Skal borna lære dei same orda ein gong til?

– Nei då, ler Hjördis. Vi lagar ein fireårs-syklus, slik at her er nye opplevingar med tilhøyrande nye omgrep for kvart av åra borna er i barnehagen. Ordtilfanget er jo nærast uavgrensa. Omgrepspermar kan vi ha mange av i Stabbursbanken. I tillegg vil vi ha ei eiga satsing på nyare nynorsk barnelitteratur. Dette vert temaet på vårens foreldremøte, seier ho til slutt.

TIL VENSTRE: «Denne fisken vert kalla sild.» Borna gjev kvarandre læring og oppleving. I MIDTEN: Her får borna oppleve fangsten oppe i støa.



Les for borna!

Maria Parr har skrive barneboka *Vaffelhjarte. Lena og eg i Knert-Mathilde*. Ho vil møte borna i augehøgda.

TEKST: JANNE KARIN STØYLEN FOTO: KRISTIN KIBSGAARD SJØHELLE

Figurane dikta ho opp til syskena då dei var små. I tiande klasse bestemte ho seg for at dette skulle bli ei bok. Då ho var 18 år, sende ho det første utkastet til vurdering hjå eit forlag. Eit par år seinare tipsa broren henne om eit manus-seminar. Då Det Norske Samlaget fekk det gjennomarbeidde manuskriptet tilbake, var vegen fram til kritikarrost barnebok kort.

Boka kom ut i 2005 og vart nominert til Brageprisen same året. Mange lesarar fortel om assosiasjonar til Pippi og Emil, til Bråkmakargata og Bakkebygrenda. Venene Trille Danielsens Yttergård og Lena Lid er 9 og 10 år gamle. I den vesle bygda Knert-Mathilde er det berre fantasien som set grenser for kva eventyr dei set i stand og hamnar opp i.

– Eg er djupt ueinig i at dei gamle barnebøkene ikkje skal lesast. Likevel forstår eg frustrasjonen hjå dei som arbeider med formidling av litteratur. Klassikarane må ikkje sperre vegen for ny litteratur. Sjølv sagt misser delar av barnelitteraturen relevans med tida, men den gode litteraturen står seg, han resirkulerer seg. Ein kunne aldri sagt om eldre bøker for vaksne at dei ikkje skal lesast! Då bør ein heller ikkje seie det om bøker for barn. Slik kommenterer den unge forfattaren debatten om ny og eldre barnelitteratur.

Barnleg skriveglede

– Det de tenkjer no, er bra, ikkje gløym ideane og fantasiane de har no. Dei står ikkje tilbake

for noko de kjem til å tenkje seinare, når de blir vaksne. Snarare tvert imot. Evna til å dikte og fantasere er best i barneåra. Dette seier eg alltid til ungane eg møter ute i skulane når eg er på besøk og les for dei, fortel forfattaren. – Sjølv dikta eg mange av forteljingane i boka då eg var lita. Eg kunne sjølv sagt ikkje skrive dei så godt som eg greier no, men eg kunne dikte!

– Ei god barnebok er skriven i augehøgda med barnet, meiner Maria Parr. – Det kan vere freistande å leggje inn vitsar som vil gå heim hjå den vaksne lesaren. Men det kjennest ikkje godt å lese tekstar for borna der poenga går over hovuda deira. Ein må strekke seg etter å skrive på ungane sine premisser.

Møte med lesarane

– Teksten blir først levande i møte med lesaren. Noko av det eineståande vi oppnår ved å lese skjønnlitteratur, er høvet til å gjere konsekvenslause erfaringar. Teoretikaren Wolfgang Iser skriv mykje om dette; eg har vore inspirert av han i arbeidet med hovudoppgåva mi i nordisk, fortel Maria Parr. Frå hausten av flyttar ho frå Bergen heim til Sunnmøre for å ta pedagogisk utdanning i Volda.

– Alle born har evne til å like å bli lesne for. Eg vil gjerne slå eit slag for høgtlesing! Det går an å komme inn i eit klasserom med ei bok, stille seg rett opp og ned og lese høgt. Sjølv likar eg best at gruppene ikkje er for store.



Generelt er det viktig å leggje forholda til rette slik at situasjonen er god for den som les og dei som høyrer på, berre då blir høgtlesinga vellukka. Men at det framleis fungerer og er svært verdifullt, er eg ikkje i tvil om, avsluttar Maria Parr.

Tusenvis av nøklar til same skattkammer

Petra Helgesen er redaktør for den nye nynorske barnelitteratur-antologien *Les for meg!* Ho har funne eit skattkammer ho ikkje visste om. No deler ho og Nynorsksenteret ut nøklar til alle barnehagane og grunnskulane i landet!

TEKST: JANNE KARIN STØYLEN FOTO: ANDREAS GRIMSÆTH



– Eg visste det ikkje! Det er ei enorm breidd. Eit vell av sjangrar og skrivemåtar. Eg hadde ikkje kjennskap til det frå før, og det trur eg faktisk har vore ein styrke for meg i dette arbeidet, meiner Petra Helgesen.

– Den moderne nynorske barnelitteraturen held eit gjennomsnittleg høgre nivå enn litteraturen som kjem ut på bokmål. Alle dei tv-baserte og kommersialiserte bøkene, alle dei kvasi-pedagogiske peikebøkene. Slikt slepp du å leite deg forbi. Slikt slepp ikkje gjennom det nynorske nålauget. Eg har fått stor respekt for alle som arbeider med nynorsk litteratur. Dei har eit ekstra engasjement, ein slags felles idealisme på vegner av språket. Dei er glade i språket sitt!

Språkfolk

Petra Helgesen driv firmaet «Språkfolk» i Bergen.

– Vi kan gå inn i prosessen med tekstska-ping på alle stadium. Vi hjelper gjerne til med både utforming, redigering og språkvask, og arbeider både med skjønnlitterære tekstar og med fagtekstar. I motsetning til dei tenestene du kan kjøpe hjå eit reklamebyrå, kan vi hjelpe til med store tekstar, gjerne heile bøker. Vi strukturer innhaldet og lagar ei oversikteleg rekkjefylgje slik at teksten kommuniserer best mogleg.

Oppdraget med å vere redaktør for stor-satsinga *Les for meg!* sette Petra Helgesen stor pris på.

– Det har vore heilt fantastisk! Eg voks opp i ein heim som var full av barnebøker. Mor mi var forfattar, og i tillegg arbeidde ho i barne-hage. Difor fekk ho mange barnebøker med seg heim. I motsetning til andre litteraturvitar-las eg barnelitteratur langt opp i tenåra før eg byrja på klassikarane i vaksenlitteraturen.

På www.nynorsksenteret.no/lesformeg/ finn du meir informasjon om antologien *Les for meg!* og nynorsk barnelitteratur.

Grunnar til å lese meir

– Det er veldig viktig å lese for borna. Ei god barnebok skal vere rik på ein slik måte at ein får ei kjensle av at det er meir å oppdage, det finst fleire historier, her er meir i vente. At det er noko å strekkje seg etter, grunnar til å lese meir. Eg er nok grunnleggjande skeptisk til problematiserende og negativ tematikk i barne-bøker. Eg trur alle opplevingar er sterkare i barndomen. Vi må ikkje undervurdere effekten av innhaldet i tekstane. Forteljingane skal ikkje ta fotfestet frå ungane. Ut frå eit estetisk perspektiv kan alt mogleg vere bra. Så lenge det er gjennomført og reint tekstleg ikkje for eksperimentelt. I alle fall ikkje i lengre tekstar. Diktet opnar i mykje større grad for å eksperimentere med språk og form.

– Gjennom litteraturen kan vi utvide og utveksle perspektiv. Born vil få ei større evne til å sjå verda frå fleire synsvinklar. Dei vert opne for å sjå verdien av andre sine erfaringar og meiningar. Eg trur også at det kan vere ei trening i å kommunisere godt. Ved å setje seg inn i andre sitt språk opplever ein at ord har nyansar. Det er ikkje alltid slik at det du høyrer, er det som vert sagt. Når ein veks opp med bøker, vert ein varare for desse nyansane, litt mindre bastant og kanskje ikkje så lett fornærma.

Saknar nye songbøker

Nokre manglar har Petra Helgesen likevel funne, når ho har gjort seg kjend med den nyare nynorske barnelitteraturen. – Her er for få

songbøker. Nye born treng nye songar. Dessutan er det faglitterære utvalet svært lite. Men her skjer det ting. Samarbeidet mellom Erna Osland og Marvin Halleraker på Mangschou forlag i Bergen er eit glitrande døme det. Songbøkene derimot, det området må nokon gjere noko med!

Inga kanonisering

– For meg er det viktig å understreke at det ikkje er noka kanonisering vi har laga i denne antologien. Sjølv sagt har litterær kvalitet vore eit viktig kriterium. Men appell har vore det aller viktigaste. Det er noko umiddelbart med tekstane som er med i boka. Dei er gode med ein gong! Og så er dette altså berre toppen av isfjellet, ein døropnar inn til det rike skattkammeret som den nye nynorske barnelitteraturen er.

– Juvelen er kanskje lyrikken. Den moder-nistiske nynorske barnelyrikken er av svært høg kvalitet, og eg kan med handa på hjartet seie at det finst meir spennande og god lyrikk for barn på nynorsk enn på bokmål. I det heile vil eg seie at det er noko direkte og enkelt over den nynorske målforma, som etter mitt syn kler oss nordmenn betre, smiler bokmåls-brukaren frå Bodø, som gjerne vil at alle skal få oppdage det same som ho. Nøkkelen til skattkammeret kjem i posten til barnehagar og førsteklassar til hausten, i form av boka *Les for meg!*

I følgjande undervisningsopplegg er temaet *reklame* og språklege og visuelle verkemiddel innanfor denne sjangeren. Elevane skal arbeide med sine eigne reklametekstar ved hjelp av Internett og tekstbehandlingsprogram, og vi skal bruke nynorsk som skriftspråk i alt dei skriv.

REKLAMEPRODUKSJON I SIDEMÅLS-UNDERVISNINGA

– eit undervisningsopplegg for ungdomstrinnet og vidaregåande trinn



TEKST OG FOTO: Kristin Kibsgaard Sjøhelle

Når elevane går i gang med dette arbeidet, legg vi først og fremst vekt på korleis reklamen skal utformast for at han skal fengje mottakaren. At teksten skal skrivast på nynorsk, er sjølv-sagt, men vi legg ikkje opp til at det skal få konsekvensar for kva produkt elevane vel å lage reklame for. I media har ein diskutert om nynorsk i det heile eignar seg som reklame-språk, og det kan vere aktuelt å få elevane til

å reflektere over dette både før og i etterkant av arbeidet.

Hovudmåla med dette undervisningsopp-
legget er følgjande:

- Å jobbe med nynorsk som sidemål innanfor eit kreativt og inspirerande arbeids-
område
- Å gi elevane øving i grafisk design av tekst
og bilete med hjelp av digitale verktøy
- Å trene på å bruke ulike visuelle og tekst-
lege verkemiddel for å nå ein mottakar

Rammer for opplegget

- Undervisningsopplegget passar for min-
dre grupper så vel som til ei heil klasse.
- Opplegget har ei tidsramme på minimum
to dobbeltimar.
- Elevane sit parvis og får på den måten i
gang samtalar både kring språk og kring
oppgåva.
- Datamaskinene må vere kopla til Internett
og ha vanleg tekstbehandlingsprogram,
og videokanon må vere tilgjengeleg.

Tidsplan og skildring av opplegget

1. time: Introduksjon av tema:

Reklametekstar på nynorsk

- Klassesamtale om reklame generelt og om
kva plass nynorsk skriftspråk har i rekla-
men.
- Vidare ser vi saman på nokre døme på re-
klame (stillbilete) og diskuterer kva verke-
middel som blir brukte. Aktuelle verke-
middel som vi kan peike på, er t.d.:
 - Fargebruk – samsvar mellom bilete og
reklametekst
 - Plassering av teksten i biletet
 - Fokus i bilete – kva legg vi merke til,
og kvifor
 - Gjenkjenning – t.d. reklamemotto som
er omsette frå engelsk

- Poetiske verkemiddel – t.d. variantar av rim og rytme
- Påstandar som kan lokke kjøparar («bruk dette produktet, og du blir ...»)
- De kan saman bli einige om kva kriterium som må vere til stades for at reklamen skal bli god, og skrive dette opp på tavla.

2. og 3. time: Parvis arbeid med datamaskin med rettleiing undervegs

- Elevane får i oppgåve å lage ein reklame-tekst som skal kombinerast med eit bilete som dei hentar frå Internett. Ein aktuell nettstad kan vere <http://www.ibiblio.org/wm/paint/> som er ei alfabetisk oversikt over kunstnarar frå heile verda og måleria deira.
- Dei får ei rask innføring i bruk av tekst/bilete-funksjonen i Word. Erfaringa mi er at dei fleste tek dette ganske raskt, og nokre vil gjerne ta i bruk andre program for å utforme reklamen.
- Dei skal skrive reklameteksten på nynorsk og bør bruke verkemiddel som vi kom fram til i førre time. Den ferdige reklamen skal sendast til lærar, som kan klargjere resultatata for presentasjon ved hjelp av videokanon.

4. time: Presentasjon av reklamane med videokanon og elevvurdering

- Elevane presenterer reklamane dei har laga, og vi ser på kva dei har fått til av verkemiddel og bodskap.
- Det er nyttig å la elevane vurdere kvarandre. Bruk gjerne eit vurderingsark der elevane kan få utdelt dei kriteria for ein god reklame som dei sjølv var med på å setje opp. Elevane bør konsentrere seg om det medelevane har fått til, kritikk treng



Døme på ein nynorsk reklame laga av skuleelevar.

ein ikkje få i plenum. Ein slik gjennomgang er viktig og motiverande; det er alltid kjekt å få høyre kva som er bra av det ein har gjort.

Nokre kommentarar til slutt

Opplegget er stramt og krev at elevane og lærar er innstilte på at ein held seg til tidsskjemaet. Det kan vere lurt at elevane har reflektert rundt verkemiddel før første time, slik at dei lettare kan medverke i klassesamtalen i første økt. Viss de vil sjå nokre døme på reklamar i samband med førearbeidet, kan de finne gode døme på nynorske reklamar på Nynorsksenteret sin tekstbase for sakprosa-tekstar på sida <http://www.nynorsksenteret.no/tekstbasen/>.

Reklamar finn ein under samansette tekstar.

Det er ikkje mykje nynorsk skrivning i dette opplegget. Det er likevel nyttig fordi det er overkomeleg og engasjerande for dei fleste. Teksten dei skal skrive, er kort, men han skal vere korrekt før han blir send inn til lærar. Elevane kan ha god nytte av å bruke Bokmåls- og Nynorskordboka på nett. Den finn ein på: <http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>. Det kan òg vere ein idé å bruke den nynorske reklameordlista som finst på denne adressa: <http://www.nynorsksenteret.no/reklameordliste/>

Dette undervisningsopplegget er laga til som undervisningsfilm av Snøball film. De finn filmen på <http://www.skuleipraksis.no/>.

Elevane får i oppgåve å lage ein reklametekst som skal kombinerast med eit bilete som dei hentar frå Internett.

VEVSIDETIPS

PRESENTERT AV Hjalmar Eiksund

Tekstbasen (www.nynorsksenteret.no/tekstbasen)

Skal du som norsklærer undervise om argumenterende tekster? Vil du sjå korleis ein reportasje eller eit intervju kan fortone seg i nynorsk språkdrakt? Med *Tekstbasen* har Nynorsksenteret utvikla ein ressurs for lærarar og elevar, både som informasjonskjelde og som supplerande læremiddel.

I ei tid der dei fleste riksavisene har bokmål som redaksjonsspråk, kan det vere ei utfordring å finne dei gode døma på nynorsk sakprosa. Landet har derimot mange nynor-

ske skribentar som kvar dag ytrar seg i store og små publikasjonar. Nynorsksenteret har i samarbeid med aviser, tidsskrift og nettstader gjeve deg som norsklærer enkel tilgang til nokre av desse sakprosatextane. Alle tekstane er lagra i pdf-format som gjer det enkelt å skrive dei ut og mangfalde dei i klasseromet.

I kompetansemåla i kunnskapsløftet er det lagt vekt på at elevane skal kunne argumentere for seg og gjere seg forstått på begge målformene. Gode eksempeltekstar på dei ulike

teksttypar er ein føresetnad for å kunne formulere seg godt. Tekstbasen deler tekstane inn etter argumenterende, skildrande, instruerande, forteljande og utgreiande teksttypar. Her finn du ordskifteinnlegg, leiarar og kronikkar, skrivne på nynorsk. Du finn òg samansette tekstar, som til dømes nynorske reklamar og bloggar. I tillegg er tekstane sorterte etter aldersgrupper og kategoriar. Her er det altså teksttypar og sjangrar som er i sentrum, det gode innhaldet får du på kjøpet.

BOKTIPS

PRESENTERT AV Janne Karin Støylen

Maria Parr: *Vaffelhjarte. Lena og eg i Knert-Mathilde*. Illustrert av Bo Gaustad

«Det er noe litt gammeldags ved tittelen. Og for så vidt er det noe litt gammeldags ved fortellingen også, men det gjør ingenting. Fortellingen er så god at en har lyst til å proklamere en kommende stjerne!» (Inger Østenstad, barnebokkritikk.no)

Trille er sikker på at nabo Lena er bestevennen hans. Men han er ikkje like sikker på om han er bestevennen til Lena Lid. Med Pippi sitt dumdristige initiativ og «hyss» som ikkje står noko tilbake for dei kreative skøyarstrekane til Emil, dreg ho Trille med på dei viltraste

påfunn, ofte inspirerte av noko dei har lært av dei vaksne.

– Eg veit ikkje kor mange gonger eg har lese kapittelet om då Lena og Trille fyller onkelen sin sjark med kvige, katt og kaninar etter at dei har vore på søndagsskulen og lært om Noas Ark. Eg ler like godt kvar gong, smiler Petra Helgesen, som er redaktør for den nye antologien *Les for meg!*, der nett dette kapittelet er med.

Det er noko urkomisk over mange av situasjonane som gjer at ein kan lese forteljing-

gane om att og om att. Likevel går alvoret ofte hand i hand med alt det morosame. Først og sist er dette ei forteljing om vennskap, som kan vere ei alvorleg og vanskeleg sak. Med eit sprudlande språk fullt av ordspel og treffande kommentarar vil boka bli ein klassikar der sidene lausnar frå ryggen og omslaget rivnar i hjørna, utslite av all lesinga.


«Med ynske om ei god lesestund!» har forfattaren skrive i mi bok. Maria Parr har lagt grunnlaget for mange gode lesestunder med *Vaffelhjarte*.



NYNORSKSENTERET.NO

RESSURSBASE FOR NYNORSKOPPLÆRINGA

I ressursbasen på www.nynorsksenteret.no finn du nynorskkurs, nynorske tekstar, lesetips, filmar med undervisningsopplegg, nynorskordbøker på nettet, spel, testar og mykje meir.



Les for meg!

<http://www.nynorsksenteret.no/lesformeg/>

I samband med utgjevinga av den nynorske barnelitteratur-antologien *Les for meg!* har Nynorsksenteret laga ei eiga vevside om nynorske tekstar for dei minste.

På vevsida kan de mellom anna finna

- boktips • informasjon om antologien
- tekstar for born • formidlingstips

KURSTILBOD

VEGEN TIL BETRE NYNORSKOPPLÆRING

KURS FOR LÆRARAR, BIBLIOTEKARAR OG ANDRE:


- **Fordi han er bra!** – om den nye nynorske barne- og ungdomslitteraturen
- **Med nynorsk i den digitale verktøykassa** – om pedagogisk bruk av IKT i nynorskundervisninga
- **Å lykkast med sidemålsopplæringa**

- **Tekst på nynorsk** – presentasjon og utprøving av nettkurset «På nynorsk»
- **Lesestrategiar i alle fag**

Nærare informasjon om kursa finn du på www.nynorsksenteret.no/kurstilbod/

B

NOREG



Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

Nynorskopplæring er gratis,
og kjem med tre nummer i året.
Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å
få bladet gratis i posten. Hugs å sende
med namnet og adressa di!

